

VEDTEKTER FOR SKODJE NÆRINGSFORENING

§1 Hovudmål

Skodje næringsforeining si hovudmålsetting er å bidra til å skape nye arbeidsplassar og sikre eksisterande arbeidsplassar.

Vidare skal foreininga fungere som eit næringspolitisk organ og arbeide for å fremme overordna interesser til næringslivet i Skodje. Næringsforeininga skal legge til rette for nettverksbygging gjennom å skape møteplassar og utvikle kompetansen til målgruppa.

§2 Målgruppe

Eigarar/leiar av private verksemdar og sjølvstendig næringsdrivande. Alle næringsdrivande kan bli medlemmer i foreininga ved å registrere seg med namn på føretak, adresse og ansvarleg kontaktperson.

§3 Organisering og driftsmodell

Skodje næringsforeining er organisert som foreining med eige styre. Styret blir valgt av årsmøtet og er samansett av 4 personer som er valgt for 2 år av gangen. Halvparten av styret er på val kvart år, første gang velgast halvparten av styret for 3 år. I tillegg har ordfører i Skodje kommune møte- og talerett i styret.

Styret vel sjølv styreleiar.

Styreleiar kaller inn til styremøte. Styrevedtak blir gjort med allment fleirtal der styreleiar har dobbeltstemme. Det skal føres protokoll fra møta. Det skal avhaldast minst fire styremøter i året, styret skal vedta ein årsplan for møtene.

§4 Oppgåvene til næringsforeininga

- Skal jobbe for å fremme næringsinteressene til målgruppa
- Skal vere ein arena for næringsutvikling, nettverksbygging og kompetanseutvikling
- Skal fungere som høyringsinstans i næringssspørsmål som er til handsaming i Skodje kommune.
- Bidra til å sikre og skape arbeidsplassar i målgruppa

§5 Administrasjon

NAV Storfjorden fungerer som sekretariat for næringsforeininga.

§6 Årsmøte

Årsmøtet skal holdes innen 1. mai kvart år.

Medlemsbedrifter har 1 stemme kvar på årsmøtet. Ein person kan berre stemme for 1 bedrift.

Årsmøtet skal velge styret i næringsforeininga.

Årsmøtet er foreningas øverste organ.

Ekstraordinært årsmøte kan holdes når tre styremedlemmer eller 20 medlemmer krev det.

§7 Medlemsmøte

Medlemsmøte blir innkalt etter behov. Medlemsmøte blir kunngjort på kommuna sine heimesider og gjennom e-post til registrerte medlemmer.

§8 Økonomi

Skodje kommune drifter næringsforeininga så lenge foreininga finn det formålstenleg. Årsmøtet vedtek kontingent for medlemskap i foreininga.

§9 Endring i vedtektene

Årsmøtet kan med 2/3 fleirtal gjere endringar i vedtektene.

§10 Valkomite

Årsmøtet velger ein valgkomite på tre medlemmer og komiteens leiar. Valget er for 2 år. Første år blir 1 medlem valgt for 1 år. Leiar for komiteen blir valgt kvart år. Komiteen skal sikre at styret har ein representasjon som tek omsyn både til geografi og bransje.